



**Rådmannen går inn for at forvaltningskomiteen skal gje dispensasjon frå arealføremålet LNF i arealdelen til kommuneplanen slik at Nils Bjarne Eik får gjennomføra deling av ein eigedom på Eik.
Omsynet til landbruksinteressene vert ikkje tilsesette og tomte rundt eksisterande bustadhus får ein arrondering i tråd med slik hage og parkeringsplass er opparbeidd.**

Nils Bjarne Eik eig i dag eit mindre gardsbruk og har sjølv bygd bustad der. No ynskjer han eit mindre tilleggsareal til denne eigedomen, som grensar naturleg til denne tomte og er opparbeidd som plen, frukthage og ein garasje som ligg ned mot riksvegen.

Eik vil og dele frå eit eldre våningshus med tomt. Alle naboar har godkjent tiltaket.

Frådelinga gjeld eit areal på 1,7 dekar som ligg mellom Eikelva og eksisterande bustadhuus. Det er vanskeleg å nytta og har liten verdi som jordbruksareal.

Det er ikkje dyrkbart og er svært bratt, Eik ynskjer å selgja gardsbruket, men behalda bustadhuset og det er i tråd med gjeldande kommuneplan.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen